



Lovande musikantar i kveld

Aspirantsamlinga i skulemusikken tirsdag hadde godt oppmøte både av komande musikantar og foreldre. Dette tyder på at den lovande utviklinga i skulemusikken kjem til å halda fram dei komande åra.



[Sander kosar seg med instrumentet](#)

Halldis Åkra og Torunn Davidsen frå skulemusikken tok mot dei 8 komande musikantane, og høgdepunktet for dei var utvilsomt då dei fekk prøva ulike blåseinstrument.

Med entusiasme og lysande glede gjekk dei til oppgåva, og både Maja, Saima, Emma, Selma Ovidia, Sander, Joakim, Helene og Tuva fekk alle flott lyd i så vel kornett som baryton og althorn.

Foreldra kunne konstatere at borna deira alt hadde hatt glede av sine første messingtonar.

Dette føregjekk på skulekjøkkenet. Der fekk dei og informasjon, kjeks og saft før dei bevega seg inn og hørde litt på skulemusikken som hadde øving.

Skulemusikken har no mange unge musikarar.

Med god og jamn tilgang på aspirantar lovar det godt for framtida til korpset.

Under dirigent Tor Skeie Olsen si dyktige og grundige leiing vert korpset tolmodig bygt opp. I tillegg har vi eit aktivt og entusiastisk styre.

Det vil heilt sikkert bli mykje kjekt knytt til skulemusikken i åra framover

Tekst og foto: Thor Inge Døssland